

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 27.05.2008
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: **Revidert budsjett 2008 – justert resultatkrav 2008**

Styresak 059/08 B

Styremøte 04.06. 2008

1. Bakgrunn

Styret i Helse Vest fordelte endeleg inntektsramme for 2008 til helseføretaka i sak 008/08 B Konsernbudsjett 2008 og justering av inntektsramme til HF'a .

Regjeringa la fram revidert nasjonalbudsjett 2008 – St. prp. Nr. 59 den 15. mai 2008. Budsjettet er ikkje vedtatt av Stortinget enno. Derfor kan det komme endringar i behandlinga i Stortinget.

Administrerande direktør legg i denne saka fram forslag om justering av resultatkrav for 2008 med basis i forslag til revidert nasjonalbudsjett.

Avslutningsvis vil administrerande direktør gjere greie for dei omdisponeringar som er gjort i RHF budsjettet.

2. Revidert nasjonalbudsjett 2008 – St. prp. Nr. 59

Regjeringa la fram forslag til revidert nasjonalbudsjett den 15. mai 2008. Regjeringa tilrår å løyve 3,5 milliardar kroner for å dekke auka pensjonsutgifter i sjukehusa i Noreg. Av denne summen får Helse Vest 567,7 millionar kroner som skal dekke pensjonsutgiftene i eigne helseføretak. Sidan denne summen likevel ikkje dekker dei totale pensjonskostnadane i 2008, vil Regjeringa i tillegg endre på resultatkravet for helseregionane. Regjeringa vil komme tilbake til ei meir langsiktig løysing når det gjeld pensjon i statsbudsjettet for 2009.

Regjeringa tilrår og å løyve 44 millionar kroner til ordninga *Raskare tilbake*. Av dette kr 24 mill går til generell styrking av ordninga, medan kr 20 mill er øyremarka til dei arbeidsmedisinske avdelingane i landet. Helse Vest har ei slik avdeling i Helse Bergen. Desse midlane er førebels ikkje fordelte mellom helseregionane.

2.1 Pensjon eigne helseføretak

Helseføretaka i Helse Vest vil få ei rekning på pensjonspremie som er kr 567,7 mill høgare enn det staten opphavleg har dekt i basistilskotet for 2008. Kostnaden Helse Vest må føre i rekneskapen for 2008 vil bli kr 672,7 mill høgare enn det som er finansiert gjennom basisløyvinga. Skilnaden, som er på kr 105 mill., tilrår Regjeringa å halde utanfor balansekravet.

KLP har rekna på skilnaden i pensjonskostnad med ny og gammal føresetnad. Dei har rekna med utgangspunkt i talet på innmelde i pensjonsordninga pr. 1. januar 2008. Administrerande direktør vil tilrå å nytta same reknemåte for å fordela tilleggsløyvinga til pensjon for 2008 på helseføretaka. Fordelinga blir då som følgjer:

	Ny kostnad	Gammel kostnad	Auke	Auke i %	Auka tilskot RNB
Helse Stavanger	455 765	269 316	186 449	27,2 %	154 320
Helse Fonna	251 413	142 551	108 862	15,9 %	90 103
Helse Bergen	749 578	445 628	303 950	44,3 %	251 573
Helse Førde	193 073	115 489	77 584	11,3 %	64 215
Apoteka	14 916	8 643	6 273	0,9 %	5 192
Helse Vest IKT	12 248	10 409	1 839	0,3 %	1 522
RHF	4 380	3 439	941	0,1 %	779
SUM	1 681 373	995 475	685 898	100,0 %	567 704

2.2 Pensjon private

Regjeringa tilrår ei løyving på kr 320 mill til å dekke auka kostnad til pensjon i 2008 hos dei private som har driftsavtale/kjøpsavtale med dei regionale helseføretaka. Auken i pensjonspremie hos dei private institusjonane er på kr 170 mill. Løyvinga er større enn det dei private treng for å betale pensjonspremie. Det er derfor stilt vilkår om at dei private skal nytta skilnaden mellom løyving og pensjonspremie til betale ned på lån dei har tatt opp hos dei regionale helseføretaka. Helse Vest har eit samla utlån til dei private ideelle på kr 68,5 mill.

Helse- og omsorgsdepartementet har førebels ikkje gjort nokon fordeling av midlane mellom dei regionale helseføretaka.

2.3 Innsatsstyrt finansiering

Helse- og omsorgsdepartementet vil komme tilbake til endeleg ISF avrekningsoppgjer for 2007 i omgrupperingsproposisjonen hausten 2008. Førebels aktivitetstal for 2007 tilseier at utbetalingar for 2007 er om lag som føresett i St.prp. nr 10 (2007-2008).. Analyser for 2007 viser at omfanget av endra registreringspraksis er som lagt til grunn ved fastsetting av einingsprisen og tal DRG-poeng i oppdragsdokumentet til dei regionale helseføretaka i 2007. Det er derfor ikkje grunn til å tru at einingsprisen blir endra eller at det blir store endringar i avrekningsoppgjeret til høsten.

I Statsbudsjettet for 2008 er ramma for aktivitetsvekst på 1,5% frå 2007 til 2008. Statsbudsjettet tar utgangspunkt i prognose på aktivitetstal pr første tertial 2007.

Under sak 008/08 B i møte den 6. februar blei det mellom anna fatta følgjande vedtak:

4. *Styret ber HFa treffe nødvendige tiltak for å sikre at produksjonen i helseføretaka blir lagt opp i tråd med bestillinga for 2008.*
 - *Helse Bergen kan, med utgangspunkt i faktisk aktivitet i 2007, auke i aktiviteten med 1,5 % + 1 % kodeforbetring.*
 - *Helse Stavanger, Helse Førde og Helse Fonna skal levere budsjett i samsvar med fastsette krav i konsernbudsjettet, men kan auke pasientbehandlinga innan somatikk med inntil 1,5 % gitt følgjande forhold:*
 - *Krav til budsjettbalanse*
 - *Auka pasientbehandling skal i hovudsak vere innanfor gruppa med rett til nødvendig helsehjelp*
 - *Føretaka må styrkje arbeidet med å følgje prioriteringsforskrifta, jf Styringsdokument 2008*
 - *Dersom bestillinga påverkar resultatkravet må det setjast i verk ytterlegare tiltak for å sikre eit resultat i tråd med pkt. 1.*

Helseføretaka har no tilpassa sin budsjetterte produksjon i tråd med vedtaket som er fatta av styret i Helse Vest.

2.3 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenesta for sjukefelde

Arbeidsmedisin er det medisinske fagområdet som har kunnskap om samanhenger mellom helse og trekk ved arbeidslivet. Helse Vest har ei slik avdeling ved Helse Bergen. Arbeidsmedisinsk kompetanse og verksemda ved dei aktuelle avdelingane har ein sentral funksjon i arbeidet med eit inkluderande arbeidsliv. Utdanningskapasiteten ved

avdelingane synes ikkje å være i samsvar med behovet for arbeidsmedisinantar i samfunnet. Det er behov for fleire arbeidsmedisinantar i bedriftshelsetenesta, men også ved dei arbeidsmedisinske avdelingane i Helseføretaka og andre arbeidsmedisinske institusjonar. Det er tilrådd å løyve kr 20 mill for å opprette overlegestillingar og utdanningsstillingar ved dei aktuelle avdelingane i helseføretaka. Dette vil vere øyremerka midlar som helseføretaka skal rapportere på.

Det er vidare tilrådd å løyve ytterlegare kr 24 mill til dei regionale helseføretaka for å auke behandlingstilbodet for sjukemelde i ordninga "raskare tilbake". Midlane til arbeidsmedisin og "raskare tilbake" er ikkje fordelte til dei regionale helseføretaka enno.

3. Omdisponering av budsjettpostar i RHF budsjettet

3.1 Tilskot til farmasøytisk rådgjeving

Tilskot til Helse Bergen og Helse Fonna for å dekke farmasøytisk rådgjeving er no overført til dei to helseføretaka. Apoteka Vest vil frå og med 2008 fakturere dei to helseføretaka direkte for kjøp av rådgjevingstenester. Tilskotet er alt utbetalt til dei to helseføretaka.

3.2 TNF hemmarar

Øyremerka midlar til TNF-hemmarar er i utgangspunktet fordelt i tråd med somatikknøkkelen i inntektsmodellen. Haugesund Sanitetsforening Revmatismesjukehus (HSR) har eit særskilt ansvar for revmatiske pasientar i Fonna og Stavanger området. Fordeling av øyremerka midlar til TNF-hemmarar til HSR, Helse Fonna og Helse Stavanger blei derfor fordelt etter historikk i 2006 og 2007. HSR brukte mindre enn tildelinga både i 2006 og 2007. Tilskotet er derfor redusert i 2008. Både Helse Bergen og Helse Førde har fått si tildeling i tråd med somatikknøkkelen. . Rekneskap 2007 syner at Helse Fonna og Helse Stavanger har størst avvik frå budsjett på denne posten. Det er ikkje indikasjonar på at det er annleis forskrivingspraksis i desse to føretaka som tilseier at dei skal ha større avvik enn Helse Førde og Helse Bergen. Under sak 008/08 B blei det halde tilbake kr 7 mill frå HSR til omfordeling av tilskotet til helseføretaka. Administrerande direktør tilrår at resterande midlar blir tildelt Helse Stavanger og Helse Fonna som det følgjer av tabellen under:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HSR	SUM
TNF-hemmarar - vidareføring av fordeling 2007	22 105	797	78 064	22 503	66 068	189 537
Omfordeling 2008	5 500	1 500	0	0	-7 000	0
Ny fordeling 2008	27 605	2 297	78 064	22 503	59 068	189 537

I 2008 overtok dei regionale helseføretaka finansieringsansvaret av legemiddelet Raptiva frå folketrygda. Helse Vest RHF fikk kr. 2,4 mill. til dette. Raptiva vert nytta til behandling av plakkpsoriasis. Administrerande direktør tilrår at midla vert fordelt etter somatikknøkkelen i inntektsmodellen med unntak av Helse Fonna som ikkje har hudavdeling. Administrerande direktør tilrår å fordele det meste av disse pengane, men tilrår å halde å delar tilbake i RHF som ein reserve inntil slutten av året. Dette med bakgrunn i at HSR, som har hudavdeling, har hatt mindre forbruk dei to siste åra. I tillegg er det usikkerheit rundt fordeling mellom Helse Stavanger og HSR. Fordelinga framgår av tabellen under:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	RHF	SUM
Fordeling av tilskot til raptiva	710	0	988	276	426	2 400

3.3 Private ideelle

Helse Vest har saman med dei private ideelle gjennomført drøfting av bestilling og budsjetttramme for 2008. Drøftingane har vore krevjande og det er særleg handtering av pensjonskostnad som har vore vanskeleg. Dette forholdet er no løyst i revidert nasjonalbudsjett når det gjeld 2008. Midlane er ikkje fordelte til RHF'a enno og

administrerende direktør vil tilrå at det administrativt blir inngått avtaler der ein fordeler midlane til dei aktuelle institusjonane i etterkant av denne saka.

Etter at budsjettfordelinga blei vedtatt i møte i februar er det gjort følgjande fordeling av budsjettmidlar til dei private ideelle – somatikk og psykiatri:

Samla budsjettramme private ideelle sak 008/08 B	kr	944,046 mill
Opptrappingsplan psykiatri	kr	6,650 mill
Flytting av lab/røntgen til basisramma	kr	3,594 mill
Farmasøytisk rådgjeving	kr	1,036 mill
Omfordeling mellom somatikk og rus	kr	- 1,650 mill
Samla budsjett private ideelle (somatikk/psykiatri)	kr	<u>953,676 mill</u>

For dei private ideelle innan rusområdet er det gjort følgjande omfordeling av budsjettmidlar:

Samla budsjettramme private idelle sak 008/08 B	kr	263,868 mill
Omfordeling frå somatikk	kr	<u>1,650 mill</u>
Samla budsjett private ideelle (rusområdet)	kr	<u>265,518 mill</u>

OPPSUMMERT

Med bakgrunn i revidert nasjonalbudsjett og omdisponeringane som er tilrådd i denne saka blir inntektsramma og budsjettet i RHF'et endra som følgjer av tabellen under:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2008 sak 0??/08 B	3 438 051	1 946 302	5 343 307	1 603 445	2 480 408	14 811 513
Revidert nasjonalbudsjett:						0
Tilskot til auka pensjon	154 320	90 103	251 573	64 215		560 211
Omdisponering i RHF'et:						0
Tilskot til farmasøytisk rådgivning (jfr. brev av 21.04.08)		1 656	4 210		-6 902	-1 036
Omfordelt tilskot til TNF hemmare	5 500	1 500	0	0	-7 000	0
Omfordeling tilskot til Raptiva	710	0	988	276	-1 974	0
Pensjon Apoteka vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF					7 493	7 493
Omfordelt fra RHF til private ideelle					-10 244	-10 244
- Opptrapping psykiatri private ideelle					6 650	6 650
- Lab/røntgen private ideelle					3 594	3 594
- Farmasøytisk rådgiving private idelle					1 036	1 036
Omfordeling aktivitet mellom somatikk og rus					-1 650	-1 650
Styrking av aktivitet rusområdet					1 650	1 650
Sum endringar	160 530	93 259	256 771	64 491	-7 347	567 704
Oppdatert inntektsramme 2008	3 598 582	2 039 560	5 600 079	1 667 935	2 473 061	15 379 217

Oppdatert inntektsfordeling følgjer vedlagt denne saka.

4. Justering av resultatkrav

Styret i Helse Vest fastsette under sak 008/08 B resultatkravet til helseføretaka som følger:

Budsjett 2008	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav etter pensjon	0	0	0	-40 000	6 030	228	40 000	6 258

Meirkostnad knytt til nye føresetnader for berekning av pensjon inngår ikkje i resultatkravet.

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett nytt resultatkrav og korreksjonsbeløp for pensjon og har lagt til grunn følgjande modell:

Pensjonskostnad 2007 (gammel føresetnad)	953,0
Pris og lønnsvekst samt aktivitetsvekst	55,0
SUM	1008,0
Kostnad ny veileder (kjøring 31.12.07)	1681,0
Meirkostnad pensjon	673,0
Auka tilskot RNB	567,7
Pensjonskostnad som resultatkrav blir justert med	105,3

Administrerende direktør vil tilrå å fordela korreksjonsbeløpet til helseføretaka etter same fordeling som kostnadsauken og tilskot til pensjon, jfr. tabell under pkt. 2.1

Helse Vest får ei auka omstillingsutfordring på 23,7 millionar i pensjonsopplegget. Det er to grunnar til dette. For det første er korreksjonsbeløpet i RNB fastsett med eit anna utgangspunkt enn i opphavleg budsjett (kr 13,2 mill). For det andre er det skilnader mellom meirkostnadene i budsjetta til helseføretaka og berekninga frå KLP (kr 10,5 mill) .

I tabellen under er det vist korleis denne utfordringa slår inn på helseføretaka:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	IKT	Apoteka	RHF	SUM
Økt kostnad, jfr. ny berekning KLP basert på bestanden pr 1/1-08	186 449	108 862	303 950	77 584	1 839	6 273	941	685 898
Tilskot til pensjon fordelt etter kostnadsauke	154 320	90 103	251 573	64 215	1 522	5 192	779	567 704
Manglande dekning av auka pensjonskostnad	32 129	18 759	52 377	13 369	317	1 081	162	118 194
Unntak frå resultatkrav - fordelt etter kostnadsauken	28 542	16 665	46 530	11 877	282	960	144	105 000
Manglande dekning av pensjon etter justering for resultatkrav	3 587	2 094	5 847	1 492	35	121	18	13 194
Forskjell mellom budsjett og ny berekning på meirkostnad pensjon	-2 849	0	11 906	1 416				10 473
Sum underdekning pensjon - behov for nye tiltak	738	2 094	17 753	2 908	35	121	18	23 667

I målinga av resultatkravet for 2008 vil HOD halde auka pensjonskostnad på kr 105 mill utafør ved resultatmålinga. Dette inneber at helseføretaka kan korrigera resultatet for tilsvarende beløp. Dei nye resultatkrava til helseføretaka blir etter dette som følgjer av tabellen under:

Justert resultatkrav 2008	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav, jfr. styresak 008/08 B	0	0	0	-40 000	6 030	228	40 000	6 258
Manglande dekning av meirkostnad pensjon	28 542	16 665	46 530	11 877	282	960	144	105 000
Justert resultatkrav	-28 542	-16 665	-46 530	-51 877	5 748	-732	39 856	-98 742

Som tidlegare summerar det justerte resultatkravet til eit totalt resultat som er kr 6,258 mill betre enn kravet frå HOD.

Forslag til vedtak

1. Styret tar orientering om revidert nasjonalbudsjett til etterretning
2. Styret sluttar seg til forslag om omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2008 sak 0??/08 B	3 438 051	1 946 302	5 343 307	1 603 445	2 480 408	14 811 513
Revidert nasjonalbudsjett:						0
Tilskot til auka pensjon	154 320	90 103	251 573	64 215		560 211
Omdisponering i RHF'et:						0
Tilskot til farmasøytisk rådgivning (jfr. brev av 21.04.08)		1 656	4 210		-6 902	-1 036
Omfordelt tilskot til TNF hemmare	5 500	1 500	0	0	-7 000	0
Omfordeling tilskot til Raptiva	710	0	988	276	-1 974	0
Pensjon Apoteka vest, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF					7 493	7 493
Omfordelt fra RHF til private ideelle					-10 244	-10 244
- Opptopping psykiatri private ideelle					6 650	6 650
- Lab/røntgen private ideelle					3 594	3 594
- Farmasøytisk rådgiving private idelle					1 036	1 036
Omfordeling aktivitet mellom somatikk og rus					-1 650	-1 650
Styrking av aktivitet rusområdet					1 650	1 650
Sum endringar	160 530	93 259	256 771	64 491	-7 347	567 704
Oppdatert inntektsramme 2008	3 598 582	2 039 560	5 600 079	1 667 935	2 473 061	15 379 217

3. Nytt resultatkrav for 2008 blir som følgjer:

Justert resultatkrav 2008	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	SUM
Resultatkrav, jfr. styresak 008/08 B	0	0	0	-40 000	6 030	228	40 000	6 258
Manglande dekning av meirkostnad pensjon	28 542	16 665	46 530	11 877	282	960	144	105 000
Justert resultatkrav	-28 542	-16 665	-46 530	-51 877	5 748	-732	39 856	-98 742

Resultatkravet er kr 6,258 mill betre enn resultatkravet frå HOD

Inntektsfordeling 2008 – revidert budsjett

Inntektsfordeling 2008 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	783 618	388 676	1 201 444	287 976		2 661 714
ISF pasienter behandla i andre regionar	59 865	14 724	28 156	16 312		119 057
ISF pasienter behandla for andre regionar	-16 272	-2 530	-48 411	-8 573		-75 787
SUM ISF	827 211	400 869	1 181 188	295 715		2 704 984
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 473 061	2 473 061
Basis somatikk	695 289	361 251	648 978	275 324		1 980 842
Basis somatikk fordelt etter produksjon	376 334	207 244	651 356	149 993		1 384 927
Korreksjonslinje interne gjestepasienter	(14 073)	(11 806)	(109 441)	(6 371)		(141 691)
Kostnadskomponent, somatikk	176 157	89 558	574 421	80 204		920 339
Basis psykiatri	572 278	365 451	652 671	250 584		1 840 984
Gjestepasienter rus	20 535	11 359	27 577	7 215		66 687
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	31 829	-		31 829
Ambulanse	65 662	74 791	164 880	99 495		404 828
Stukturtilskot	-	26 218	23 370	33 791		83 379
Skjønnstilskudd	-	-	24 000	20 860		44 860
Langliggare	9 000	-	-	-		9 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	34 213	-		34 213
Internt gjestepasientoppgjør	-39 495	-90 842	191 825	-61 487		0
Fordelt kapitaltilskot	283 515	158 208	464 647	114 630		1 021 000
Sum fordelt etter modell	2 972 413	1 592 302	4 561 512	1 259 954	2 473 061	12 859 242
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad	21 197	6 204	-10 521	5 713		22 594
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	6 686	4 009	9 301	2 598		22 594
Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	28 644	63 729	11 890	37 428		141 691
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	19 307	44 313	-92 987	29 367		-
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	1 700		-19 000
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	3 032 948	1 710 557	4 473 796	1 336 760	2 473 061	13 027 121

Inntektsfordeling 2008 - Utafor modellen	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisramme						-
Halvering lab/røntgen satsar	44 513	15 639	79 756	14 120		154 027
Kreftplan	7 700	1 177	10 177	2 794		21 848
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	5 856	405	15 955		22 216
Kompensasjon for el-avgift	5 282	5 683	11 422	3 063		25 451
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 725	-5 897	14 795	-4 174		-
Rusomsorg	1 441	15 214	16 483	568		33 707
Tilleggsbevilgning St.prp. 44 - rusomsorg	700	700				1 400
Gjeste plassar rusområde - fordelt i modellen	-	-	-	-		-
TNF hemmar	22 105	797	78 064	22 503		123 468
TNF hemmar - omfordelt	5 500	1 500	-	-		7 000
TNF hemmar - raptiva	710	-	988	276		1 974
Finansiering av MS-legemidler	14 264	8 552	19 842	5 542		48 200
Takstreduksjon lab/røntgen (2008)	12 706	4 921	18 217	3 980		39 824
PET senter			25 000			25 000
Pensjonskostnad - inngår no i resultatkravet	53 696	28 507	88 658	23 284		194 145
Pensjonskostnad - 2008 (fordelt etter kostnad)	154 320	90 103	251 573	64 215		560 211
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	30 247	18 774	42 763	12 516		104 300
Ekstraløyving st.prp. 44 (2007 - ikke prisjustert)	27 351	16 545	38 251	10 853		93 000
Ekstraløyving aktivitetsvekst (fordelt etter sum inntektsmodell)	27 692	15 605	49 525	11 482		104 304
Særskilte tildelinger	-	-	-	-		-
"Mor og Barn" prosjekt	461	-	-	-		461
Øremerket tilskudd	-	-	-	-		-
Opptrappingsplan psykiatri 2004	4 528	2 705	5 361	2 989		15 582
Opptrappingsplan psykiatri 2005	11 600	9 932	18 944	9 909		50 386
Opptrappingsplan psykiatri 2006	18 621	9 419	24 901	8 120		61 061
Opptrappingsplan psykiatri 2007	19 087	10 430	20 860	6 780		57 156
Opptrappingsplan psykiatri 2008	22 000	12 000	25 000	7 500		66 500
Tilskot til utdanning	11 652	5 830	100 119	4 414		122 014
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	5 035	-	29 977	-		35 012
Nasjonale med. komp. Sentre	1 151	-	29 614	-		30 766
Syketransport	54 630	51 000	103 880	103 076		312 586
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	4 012	-	-	-		4 012
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	338	189	468	122		1 117
Insulinpumper	2 824	1 665	4 954	900		10 343
Tilskot til farmasøytisk rådgivning (jfr. brev av 21.04.08)		1 656	4 210			5 866
Dyrare legemiddel	914	503	1 573	388		3 378
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 280	0	-	0		5 280
Uttrekk frå Jæren DPS - overført Sola DPS (fordeles i systemet)						0
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF	-	-	10 502	-		10 502
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	3 598 582	2 039 560	5 600 079	1 667 935	2 473 061	15 379 217
<i>Endring av inntektsramma til HF'a som følgje av gjesteapsientoppgjør:</i>						
<i>Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør</i>	-119 729	-29 448	-56 312	-32 624		-238 113
<i>Fakturering av gjestepasienter andre regioner</i>	32 543	5 061	96 823	17 147		151 573
<i>Fakturering av interne gjesstepasienter (20% fortløpende fakturering)</i>	0	0	0	0		-
<i>Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)</i>	28 147	23 611	218 883	12 741		283 382
<i>Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen</i>	-57 288	-127 457	-23 780	-74 856		(283 382)
<i>Kostnad rus gjestepasienter</i>	-24 741	-3 668	-25 274	-13 004		-66 687
<i>Kostnad kjøp av kurdøgnplassar</i>	-5 083	-3 047	-7 141	-2 051		-17 322
SUM inntektsramme i HF'a	3 452 431	1 904 612	5 803 277	1 575 288	2 473 061	15 208 667